



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

NVE, Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2012/1272	2545/2013 / S11		SER / AARRAN	04.06.2013

MELDING OM VEDTAK

Seks småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommunar - høyring - konsesjon NVE


Driftsutvalet handsama i møte den 04.06.2013 – sak 24/2013. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune oppmodar NVE til å stille krav til skånsam opparbeiding av anlegga, slik at fjernverknaden av landskapsrommet ikkje vert vesentleg ringare enn det er i dag.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Fråsegner/uttalar som ikkje er sendt direkte til NVE tidlegare, ligg ved.

Rett utskrift:
Vanylven kommune


Kåre Kvangarsnes
Konsulent



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Saksnr:
2012/1272

Arkiv:
S11

Avd/Saksansv:
PLU/SANGUD

Utvalsaksnr
24/2013

Utval
Driftsutvalet

Møtedato
04.06.2013

Seks småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommunar - høyring - konsesjon NVE

Tilråding:

Vanylven kommune oppmodar NVE til å stille krav til skånsam opparbeiding av anlegga, slik at fjernverknaden av landskapsrommet ikkje vert vesentleg ringare enn det er i dag.

Vedlegg

- 1 Brandefjellet kraftverk - Innspel frå grunneigarar vedrørende konsesjonssøknad
- 2 Kommenterar til avtaleutkast Nr. 1. 25.03.2010
- 3 Vanylven kommune - Kasseelva kraftverk - konsesjon - kulturminneundersøkelse - tilbakemelding
- 4 Vanylven kommune - Kasseelva kraftverk - konsesjon - kulturminneundersøkelse - tilbakemelding

Samandrag av saka:

Frå NVE er det motteke seks løyver om småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommunar. Søknadane skal handsamast samtidig og samla vurdering av belastning av området skal vurderast. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderar kvar sak for seg, men også alle sakane samla.

Hovuddata for krafverksplanane:

Kommune	Søknad	Søkjjar	Innstaller effekt i MW	Produksjon GWh/år
Vanylven	Brandfjellet kraftverk	Småkraft AS	2,50	12,98
Vanylven	Helgåa kraftverk	Myklebust Sameige	2,50	5,87
Vanylven	Kasseelva kraftverk	Småkraft AS	2,30	8,20
Vanylven	Sørdalselva kraftverk	Småkraft AS	2,70	8,23
Vanylven	Tenneelva kraftverk	Tenneelva Fallrettseigarlag	3,4	10,30
Vågsøy/Vanylven	Høgelida kraftverk	Høgelida Kraft AS (SUS)	1,30	5,40

Søknadane skal handsamast av NVE etter reglane i kap.3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknadane med vedlegg er lagd ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:**Brandfjellet kraftverk:**

Det planlagte kraftverket vil utnytte avrenningen fra seks forskjellige nedbørfelt med et samlet areal på 6,4 km². Samlet middelvannføring er 625l/s og årstilsiget er 19,7 mill.m³/år. Det er planlag fire bekkeinntak som vil overføre vann fra Kvitla, Bruelva og en arm av Årdalselva til hovedinntaket i en annen arm av Årdalselva. Bekkeinntakene er planlagt som lave betongterskler med høyde ca. 1 meter og lengde ca. 5 meter. Hovedinntaket er planlagt som en lav betongterskel med høyde ca. 2 meter og lengde ca. 15 meter. De ulike bekkeinntakene, med unntak av Kvitla vil bli overført til hovedinntaket via nedgravde rør. Rørene dimensjoneres for å overføre maksimalt 2,5/2 x middelvannføringen, dette for å unngå å overføre vann fra et bekkeløp som vil gå i overløp i et annet bekkeløp. Overføringen fra Kvitla vil være en kombinasjon av åpen kanal og nedgravd rør. Fra hovedinntaket vil vannet gå i et 500 meter langt borehull/sjakt. Fra enden av borehullet/sjakten ledes vannet gjennom en 400 meter lang tunnel. De siste 230 meterne fra tunnelpåhugget til kraftstasjonen legges det rør i sprengt grøft. Inntakspunktet ved Kvitla vil ligge på kote 555 moh. I Bruelva og Årdalselva vil det bli to inntak hver, i to greiner av begge elvene, på henholdsvis kote 530 moh og kote 525 moh samt kote 505 og kote 500 moh. Kraftstasjon vil bli etablert nær Norddalselva på kote 90 moh.

Influensområdet for utbyggingen av Norddalselva kraftverk omfatter et område i Norddalen som strekker seg fra fjellhei på 560 moh og ned til landbruksområder i dalbunnen. Dalen har spredt gårdsbebyggelse og brukes primært til landbruk. En del SEFRAK-bygg ligger i tilknytning til tiltaket. I store deler av det aktuelle utbyggingsområdet er det biologiske mangfoldet relativt representativt for landsdelen, men noen viktige naturtyper og en sjelden mose er registrert.

Utbyggingen vil ha varierende konsekvenser for de ulike elvestrengene og de aktuelle utredningstema. Inngrepsfrie områder vil bli berørt, og utbyggingen vurderes også å ha middels negative konsekvenser for landskap. Utbyggingen forventes å ha små negative konsekvenser for kulturminner. Landbruk vil bli marginalt berørt. For det biologiske mangfoldet vil utbyggingen til dels ha middels negativ konsekvens, da den vil påvirke forekomster av regionalt og lokalt viktige naturtyper i Bruelva og Årdalselva og voksestedet for en sjelden mose i Bruelva.

Kraftverket vil få en installert effekt på om lag 5,0 MW. Det vil årlig bli produsert om lag 13,6 GWh ren og fornybar energi, noe som utgjør strømbehovet til 680 husstander.

Strømproduksjonen er vurdert som positiv for området.

Det er planlagt slipp av minstevannføring tilsvarende 5-persentil sesongvannføringer ved hvert bekkinntak, samt ved hovedinntaket. Samlet minstevannføring for alle delfelten er 35 l/s i perioden 1/5-30/9 og 27 l/s i perioden 1/10-30/4.

Helgåa kraftverk:

Myklebust Sameige planlegger å bygge ut et småkraftverk i Helgåa i Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke.

Helgåa kraftverk vil utnytte et fall på ca. 380 meter med inntak ved kote 600 og avløp ved kote 220. Nedbørsfeltet for planlagt inntak til Helgåa kraftverk utgjør 2,7 km² og middelvannføringen er beregnet til 0,3 m³/s. Planlagt minstevannføring er 0,05 m³/s gjennom hele året, og installert effekt på turbin vil være 2,5 MW, hvor maksimal driftsvannføring utgjør 0,65 m³/s.

Gjennomsnittlig årsproduksjonen er beregnet til 5,9 GWh.

Det er planlagt å legge duktile støpejernsrør med diameter på 600 mm, og lengden av rørgata utgjør 1350 meter.

Det er ikke planlagt regulering eller overføring.

Rapport om biologisk mangfold er utarbeidet av Allskog AS. Av naturtyper omtalt i DN-håndbok nr. 13 ble det kun registrert noen små partier med eldre gråor-/heggeskog i nedre del av befartstrekningen av Helgåa. Et noe større areal med samme type finnes videre opp den bratte lia nord for elva.

Det er ikke kjent nasjonale rødlistearter i undersøkelsesområdet langs elva. Det ble heller ikke registrert truede arter under befaringsene i Ripsdalen. Dalen er registrert som leveområde for fossefall, vektning 2. Naturtype med status hensynskrevende, gråor-/heggeskog, hovedsakelig ung suksesjon, finnes i et parti nord for elva i nedre del av berørt strekning.

Det er ingen reindrift i området.

Tiltaket berører INON- sone 2, 1-3 km fra teknisk inngrep.

Helgåa har en mulig anadrom strekning i nedre del mellom foss og samløp med Ripsdalselva, men også denne er preget av flomtiltakene etter storflom i 2004. For øvrig er det iflg grunneierne mye småvokst ørret i Blæjevatnet (Oppstrøms planlagt inntak), og fisk vandrer derfra og nedover i vassdraget.

Fylkeskommunen har ikke kunnskap til at det finnes automatisk freda kulturminner, eller potensial for funn av slike.

Friluftslivet i nedbørsfeltet til Helgåa er i stor grad knyttet til tradisjonelle aktiviteter som fiske, jakt og sanking av bær og sopp.

Kasseelva kraftverk:

Nedre del av Kasseelva i Vanylven kommune, Møre og Romsdal fylke, forutsettes utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av Kasseelva kraftverk. Kraftverket vil utnytte avløpet fra to felt på til sammen 5,9 km² i et 235 m høyt fall i Kasseelva.

Ingen magasiner eller eksterne overføringer forutsettes. Anlegget vil bestå av to inntakdammer, nedgravd rør og kraftstasjon i dagen. Det bygges ca. 300 m med kraftlinje og ca. 1,2 km med midlertidig vei til det ene inntaket.

Installasjonen forutsettes å bli 2,3 MW, og tilhørende produksjon er beregnet til 8,2 GWh.

Utbyggingskostnaden er beregnet til 35 mill. NOK. Dette gir en utbyggingspris på 4,3 NOK/kWh.

Prosjektområdet har middels verdi for biologisk mangfold. En rødlistet lav (flatsaltlav - VU), ble registrert i en fuktig lokalitet langs elva. Flere fuktighetskrevede lav- og mosearter ble registrert i samme lokalitet. Dette gir flora og fauna middels til stor verdi. Naturtypen gammel lauvskog (lokalt viktig) ble registrert på prosjektstrekningen. Landskap har middels verdi. For de øvrige fagtemaene har prosjektområdet mindre verdi.

Minstevannføringen er foreslått med tanke på å minimere konsekvensene for den sårbare arten (flatsaltlav) og for andre fuktighetskrevede organismer langs elva. Siden det etter tiltaket fortsatt vil gå store flommer i elva, kan forekomsten av flatsaltlav ved Kasseelva fortsatt finnes etter gjennomføringen av tiltaket, selv om dette er beheftet med noe usikkerhet. Det vil bli middels negativ konsekvens for biologisk mangfold (og flora og fauna). Det forventes også middels negativ konsekvens for landskap på grunn av vannveien og vei til inntaket, mens de øvrige temaene får mindre konsekvens.

Når det gjelder samfunnsmessige virkninger, vil en eventuell utbygging som omsøkt, styrke og utvikle eksisterende infrastruktur/næringsgrunnlag i området og i Vanylven kommune. Det vil også bidra til betydelig verdiskaping til regionen gjennom falleie til lokalt bosatte grunneiere og bruk av lokale entreprenører. I tillegg vil Vanylven kommune vil også motta skatteinntekter. Planlagt slipping av minstevannføring er 150 l/s fra 1. april — 1. september. Dette tilsvarer 2 x 5 — persentil sommer.

I tillegg til omsøkt kraftverk, er et alternativ vurdert. I alternativ B, flyttes inntaket nedstrøms samløpet mellom elvene. Alternativ B vil redusere påvirkning på følgende tema: INON, biologisk mangfold, fisk og ferskvannsfaua, landskap og friluftsliv/brukerinteresser.

Sørdalselva kraftverk:

Sørdalselva kraftverk vil utnytte vannføringen fra et felt på 10,9 km² i Sørdalselva i Vanylven kommune. Kraftverket vil utnytte et fall på 185 m mellom kote 270 moh og kote 85 moh. Sørdalselva kraftverk vil få en innstillert effekt på 2,7 MW og er beregnet å produsere om lag 8,2 GWh i et midlere år. Med en utbyggingskostnad på 25,7 millioner kroner gir dette en utbyggingspris på 3,12 kr/kWh. Tiltaket vil ha begrenset virkning på landskapet og konsekvensen av tiltaket blir liten negativ for landskapet.

I influensområdet finnes tre viktige naturtyper: kystmyr, fossesprøytsone og hagemark.

Kystmyren ligger like utenfor det direkte tiltaket og vil ikke bli berørt. De to andre naturtypene vil bli påvirket av tiltaket. Ingen sjeldne laver, moser eller andre planter ble funnet i området.

Det er gyteområde for anadrom fisk i vassdraget. Influensområdet ligger i et hekkeområde for kongeørn men huser ellers ingen viktige forekomster av vilt. Samlet sett vurderes det biologisk mangfoldet i influensområde å ha middels verdi. Utbygging av Sørdalselva vil ha liten negativ konsekvens for det biologiske mangfoldet, mens det vurderes å ha liten — middels negativ konsekvens for kulturminner og liten negativ konsekvens for de andre temaene som er utredet.

Tiltaksområdet ligger i inngrepsnære områder, med eksisterende veier og alpinanlegg.

Fjellområdene omkring ligger mer enn 1 km fra tyngre tekniske inngrep og vil ikke ha noen egentlig påvirkning på INON-områder.

Det er planlagt slipp av minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring, 33 l/s hele året.

Tenneelva Kraftverk:

Tenneelva Kraftverk er planlagt i Norddalen, Vanylven kommune, med kraftstasjon lokalisert ca 5 km frå Syvde. Fylgjande hovuddata gjeld for anlegget:

- i. Installert effekt: 3,4 MW
- ii. Årsproduksjon: 10,3 GWh
- iii. Brutto fallhøgde: 400 m
- iv. Rørygate: lengde ca 890 m, diameter 0,7 m. Øvste ca 350 m lagt i dagen og nedste 540m nedgravd. Rørygata er planlagt på nordsida av elva mellom inntak og stasjon.

I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne eller landskapsmessige tilhøve i eller i tilknytning til elva, er redusert vassføring i elva det som gir størst negativ konsekvens. Tiltaket er vurdert som positivt for lokalsamfunnet generelt og fallrettseigarane spesielt.

I samband med registrering av biologisk mangfald i området er det påvist tre raudlista fugleartar innafor ein radius på 5 km. Desse er ikkje knytt til vassdraget. Det er også påvist eit raudlista pattedyr, oter og gaupe. Oter er knytt til vassdraget, men vil ikkje bli påverka på nokon avgjerande måte. Gaupe er ikkje knytt til vassdraget. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet ved ei utbygging er samla vurdert som lite negativ.

Som ein del av dei avbøtande tiltaka er det foreslått å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring, 29 l/s heile året.

Høgelida kraftverk AS:

Høgelida Kraftverk AS søker om å bygge eit kraftverk som nyttar nedslagsfeltet til og magasinet i Movatnet innanfor dei naturlege høgdevariasjonane, samt fallet i Movassdraget mellom Movatnet som ligg i Vanylven Kommune i Møre og Romsdal og Haugevatnet som ligg i Vågsøy Kommune i Sogn og Fjordane. Inntaket i Movatnet ligg på kote 340 , etter kartet , og kraftstasjonen er planlagt på kote 135, om lag 50m på oppsida av Movassbrua på Rv 61. Forventa produksjon er 5,53 GWh med installert effekt på 1,3 MW.

Anlegget er planlagt for minst mulig inngrep i naturen , og det vert lagt vinn på å skjule anlegget med stadeigne masser og revegetering. Heile anlegget ligg i skogsmark med lite beitepress, og det vil gå kort tid før vegetasjonen skjuler anleggs-såra.

Inntaket på kote 340 vert plassert ca 50m nedstraums brekket i utløpsosen av Movatnet for å unngå anleggsarbeid i strandsona og i utløpsosen . Demning og inntaksarrangement vert dekkja med naturleg renskestein på luftsida. Rørgata på 1600m , ca. 600 mm , vert graven ned heile vegen Den vil gå gjennom tilgroande stølsmark , planteskog og langs eksisterande traktorveg. Kraftverket får eit fall på ca. 205 m og er planlagt med ein 4 — 6 strålars Peltonturbin på ca. 1,3 MW. Forventa års produksjon 5,4 GWh.

Eksisterande traktorveg er tenkt forlenga på toppen av rørgata fram til inntaket for å lette bygging og tilsyn. Elles er det ikkje trong for andre nye tiltak.

Kraftverket blir knytt til eksisterande 22 KV linje med ein ca 500 m lang jordkabel. Det blir ikkje trong for å forsterke linjenettet vidare. Kraftverket ligg i eit stort underskotsområde på elektrisitet og vil mate inn i område Midt Norge.

Kraftstasjonen ligg nærmare 1 km frå nærmaste bustadhus. Av omsyn til friluftslivet vil det bli lagt stor vekt på støydempande tiltak. Frå riksvegen vil stasjonsbygningen knapt bli synleg. I vassdraget finst det litt småvaksen aure utan kommersiell interesse. Med restvassføring og omsøkt minstevassføring reknar ein ikkje skade på denne fisken.

Vurdering og konklusjon:

Brandefjellet kraftverk, brev frå grunneigarane der dei legg til grunn at dei ikkje ønskjer ei at Brandefjellet kraftverk får konsesjon. Dette vert grunnlagt med at kommunen som marknadsførar seg innanfor reiseliv og naturopplevingar ikkje bør gje positiv tilråding til utbygging. Skrivet frå grunneigarane vert oversendt til NVE.

Dei seks konsesjonssøkte småkraftverka i Vanylven og Vågsøy kommunar har ein årleg kraftproduksjon på til saman 50,98 GWh, noko som vil vere eit stort tilskot i kraftmarknaden.

Det ser ut til at alle seks søknadane er nøye vurdert når det gjeld miljø, naturressursar og dei samfunnmessige verknadane.

Det manglar vurderingar i høve kommuneplanen, då alle områda ligg i LNF- område og vil ha trong om dispensasjon for realisering og bygging.

Vanylven kommune vil oppmode NVE til å stille visse krav til skånsam utføring av anlegga, og då spesielt i høve til fjernverknad av tiltaka som kan verte synlege frå andre deler av dalane og fjorden.

Fiskå, 14.05.2013

Gudmund Sandnes
rådmann

Handsaming:

Øystein Blom gjekk frå som ugild – svigerinne er grunneigar i sak vedk. Brandefjellet kraftverk.

Uttalar/fråsegner frå desse vart delt ut på møtet:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

16 grunneigarar i Vik gardsnr. 88 og 5 grunneigarar i Landsverk gardsnr. 84

Ottar Sande

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Bystøl AS: Tannelva Kraftverk – Utgreiing av borhol og flytting av kraftstasjon.

Samrøystes vedtak som framlegget.

VEDTAK:

Vanylven kommune oppmodar NVE til å stille krav til skånsam opparbeiding av anlegga, slik at fjernverknaden av landskapsrommet ikkje vert vesentleg ringare enn det er i dag.

V VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr 2012/1272	Saksh KOLSTER
Løpenr	Dok nr. 12
09 APR. 2013	
Arkivdel	EMNE 2
Klassering P	S 11
Klassering S	

Til:

Vanylven kommune v/formannskapet og kommunestyret

Frå:

Arild Brudevoll

Liv Ingunn Vada Brudevoll

Jan-Terje Brudevoll

Kjell Arne Myrvoll

Syvde, 5.4.2013

Innspel frå grunneigarar vedrørande konsesjonssøknad for Brandefjellet kraftverk

Med dette brevet ønskjer vi å leggje fram våre innspel overfor Vanylven kommune vedrørande Småkraft sin konsesjonssøknad for Brandefjellet kraftverk i Syvde.

Skylda til underteikna grunneigarar utgjier om lag 50 % av den delen av utbygginga som involverer Kvitla og det råka området i høgfjellet, og i det nedre området tilhøyrar den Brudevoll i heilskap.

Vi vil her i hovudsak ta føre oss punkt som vedkjem Vanylven som turistkommune og omsynet til viktige landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF) i Syvde. Vedlagt følgjer også eit brev sendt frå underteikna grunneigarar til Småkraft (datert 13.8.2010), der vi tidlegare har freista å ta opp fleire av punkta nemnt i teksten. Diverre har Småkraft ikkje ønskt å gå i dialog med oss, men har i staden valt å ignorere sentrale konsekvensar av utbyggingsalternativet presentert i den aktuelle konsesjonssøknaden.

Vi ser det difor som viktig at også Vanylven kommune tek opp problemstillingane dette prosjektet skulle føre med seg dersom det skulle verte realisert.

1. Tap av fossefall som viktige naturverdiar

Fossane i Årdalselva og Bruelva er sentrale for prosjektet. Desse fossane er godt synlege frå store deler av Syvde, og i frå fjorden (også illustrert ved bilete i Vedlegg 3, s. 45, til søknaden).

Ei utbygging med tilhøyrande drenering og røyrlegging vil medføre ein vesentleg reduksjon i vassføringa. Dette representerer eit drastisk naturinngrep. Fossane i Årdalselva og Bruelva representerer ein positiv landskapsverdi for både fastbuande og turistar frå både inn- og utland. Som grunneigarar er vi såleis svært uroa over dei moglege konsekvensane den skisserte utbygginga vil ha for framtidig busetnad og turisme til Syvde og Vanylven.

2. Landbruks-, natur- og friluftsliv

Utbyggingsområdet er i dag eit viktig område for natur og friluftsliv, både for fotturar sommartid og skiturar vinterstida. Det er og ei rekke hytter i området. Som grunneigarar ser vi dette som viktige verdiar for både Syvde og Vanylven.

Det at Vanylven Idrettsråd si turrute nr. 45 er merka til Høgenipa og det at Syvde Idrettslag inkluderer Tryggesteinen i sine postar i Fjelltrimmen stadfestar området si positive rolle for både fastbuande og vitjande sine rekreasjonsmoglegheiter i Syvde.

Den skisserte overføringa av vatn frå Kvitla, ein vesentleg del av dette i ein open kanal i høgfjellet (illustrert og nærare forklart på side 9 i søknaden), må sjåast som eit omfattande naturinngrep som vil rasere området slik vi kjenner det i dag. Plasseringa i høgda 880 moh.-550 moh. vil også gjere inngrepet synleg på lang avstand frå Syvdefjorden. Vi stiller spørsmålsteikn om kva signal det vil gje overfor den frivillige innsatsen i kommunen dersom kommunen skulle gje etter for Småkraft sine ønskjer.

3. Landbruk

Vassforsyning

Konsesjonsøknaden tek ikkje omsyn til potensielle konsekvensar prosjektet vil medføre for vassforsyninga til grunneigarane på Brudevoll. Dette ser vi som svært provoserande. Særleg grøftinga i fjellet vil ta bort mykje av tilsiget til vassdraga «Kvitla» og «Matelva». Særskilt grunneigarane Arild Brudevoll, Liv Ingunn Vada Brudevoll, Jan Terje Brudevoll vil risikere reduksjon i tilsiget til brønnane sine, noko som kan medføre store økonomiske konsekvensar ved behov utbetring (t.d. ved boring for å nå tak i meir stabile vasskjelder). Syvde vassverk er utanfor rekkevidde.

Beiteområde for husdyr

Den skisserte dreneringsgrøfta vil og vere til hindring for husdyrbeite i området. Vi har tidlegare informert Småkraft (brev av 13.8.2010) om behovet for overgangar for dyr ved grøfting. Vi registrerar at dette framleis ikkje er teke omsyn til konsesjonssøknaden. Sommarbeiting i området er naudsynt for framtidig husdyrhald.

Flaum

Som grunneigarar er vi sterkt uroa over at Småkraft som utbyggjar ikkje tek omsyn til potensielle flaumfarar for hus, bygningar og menneske i eit område med mykje nedbør og skogsområder. Vi har alle sett kva konsekvensar flaum kan medføre også i Syvde.

Oppsummering


Som grunneigarar på Brudevoll vil vi samla sterkt oppmode Vanylven kommune til å markere motstand mot konsesjonssøknaden for Brandefjellet kraftverk i Syvde innan høyringsfristen 25.mai 2013.

Som ein kommune som marknadsfører seg innanfor reiseliv og naturopplevingar ser vi det som viktig at Vanylven kommune tek eit klart standpunkt i denne, og i tilsvarande saker. Vidare bør det at Småkraft heller ikkje har skissert andre eventuelle meir skånsame utbyggingsalternativ også tale i mot realiseringa av dette prosjektet.

Dersom det skulle vere behov for ytterligare opplysningar i saka, er dykk velkome til å ta kontakt med underteikna grunneigarar.

Med venleg helsing,


Gnr. 83 – 1 og 2


Jan-Terje Brudevoll

Gnr. 83 – 3 og 6


Liv Ingunn Vada Brudevoll

Gnr. 83 – 4 og 5


Arild Brudevoll

Gnr. 83 – 7


Kjell Arne Myrvoll

Småkraft v/ Halvard Tesdal

Kopi til:

Landsverk v/ Eivind Breiteig

Vik v/ Elias Øvregård

Syvde, 13.08.2010

Kommentar til avtaleutkast Nr. 1, 25.03.2010

Etter felles gjennomgang av det aktuelle avtaleutkastet har vi konkludert med at tidlegare påpeika krav frå Brudevoll vedrørende kraftutbygging, ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til i den framlagde avtalen.

- 1) Gjerde mot Kvisla ser ut til å vere fullstendig ignorert. Dette finn vi merkeleg, då vi ved tidlegare høve har tydeleg avvist mogleg overføring av vatn frå Kvisla til Bruelva. Vi ser det også som naturleg at det vert framlagt ei utgreiing om potensiell flaumfare ved ei slik overføring. Elles registrerer vi at det heller ikkje er skreve noko om dyreovergangar etter eit slikt inngrep. Uttrekningar frå Grønnkraft viser at vatnet i Kvisla vil kome betre til nytte i samband med ei framtidig utbygging i Nordalselva, eit alternativ vi ønskjer å utgreie nærmare.
- 2) Punktet vedrørende overtaking av eksisterande veg ser i beste fall som ei mistyding. Ein foreslått kompensasjon på 3000,-kr for ein veg med byggjekostnad på i overkant av 1 million, som i tillegg har nærmast utelukkande har vorte vedlikehalden på dugnad, framstår etter vår vurdering som totalt urimeleg. Før ein diskusjon om overtaking av vegen skal verte aktuelt, må det framleggast betydeleg høgare summar enn det aktuelle tilbodet. Vi ser føre oss ei løysing med indeksregulerte årlege utbetalingar.
- 3) Vi har tidlegare uttalt i brev (Oktober 2009) at ei eventuell utbygging med medfølgjande naturinngrep på felles utmark må fordelast på ein måte som gjer det mogleg for oss på Brudevoll å ta del i eit slikt prosjekt. Dette er ei sak som først og fremst må diskuterast mellom Brudevoll og Landsverk. Vi registrerer at andre grunneigarlag har kome til gode og rettferdige fordelingar i likande saker, men som pådrivar for utbygging ser vi det som Landsverk sitt ansvar å ta initiativ til eit møte for å framleggje eit forslag til ei fordeling som vil vere akseptabel for alle involverte grunneigarar. Vi vil også påpeike at då den gjeldande avtalen om felleseige med Vik vart slutført, vart det ikkje teke hensyn til ei eventuell framtidig kraftutbygging i felleseigeområdet. Dersom det no viser seg at kraftrettar vert viktigare enn beiterettar, ser vi det som naturleg å gjennomføre eit nytt jordskifte med grensegong før ein avtale kan verte aktuell. Etter ei samla vurdering har grunneigarane på Brudevoll konkludert med at heile fellområdet må takast opp i same sak, også området vest for Kvisla som ikkje vart behandla ved førre jordskifte.

- 4) Punktet om grunneigar sin rett til deltaking må spesifisere kven som har rett til å investere 20% av totalkostaden av ei utbygging. Fristen for deltaking må difor utsettast til dette forholdet er avklart for alle partar i saka.
- 5) Som største fallrettshavar ser vi det som Landsverk sitt ansvar å leggje fram forslag til fordeling av eigarskap mellom dei ulike aktørane. Vi ser det ikkje som hensiktsmessig å gå vidare med denne saka før dette vert drøfta.

Det framlagde avtaleutkastet (No.1) frå Dekar er etter vår oppfatning veldig lite konkret. Vi er også overraska over at diverse tidlegare jordskiiftedommar var ukjende for sakshandsamar då vi stilte spørsmål om desse. I skrivande stund ventar vi framleis på svar vedrørande dette.

Gnr. 83 – 1 og 2

Jan-Terje Brudevoll

Gnr. 83 – 3 og 6

Liv Ingunn Vada Brudevoll

Gnr. 83 – 4 og 5

Arild Brudevoll

Gnr. 83 – 7

Kjell Arne Myrvoll



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sweco AS

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	24.01.2013	7420/2013/S11	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	04.03.2013

Vanylven kommune - Kasseelva kraftverk - konsesjon - kulturminneundersøkelse - tilbakemelding

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her
Vanylven kommune

Til :

Vanylven kommune Datert.23.05.2013

Frå :

16 grunneigarane i Vik gardsnr. 88

og

5 grunneigarane i Landsverk gardsnr. 84,

Referanse Vanylven kommune: Saksnr. 2012/1272
Sakshandsamar: Terje Kolstad.

Kommentar frå grunneigarane på Vik og Landsverk i forhold til Brudevoll sitt innspel til konsesjonsøknaden for Brandefjellet kraftverk datert 05/04 2013.

Det er tre grunneigarlag som er i lag om utbygging av Brandefjellet kraftverk.

Brudevoll var med på alle møter i starten av planlegging av dette prosjektet med Småkraft AS, og gav inntrykk av at dei ville vere med på utbygging av vassdraga.

I fellesskap vart det derfor bestemt at ein skulle bruke «Dekar» som ein part for å gå igjennom kor mykje «skyld» kvar grunneigarlag har. Etter Dekar sin gjennomgang meinte grunneigarlaget «Brudevoll» at deira del av prosjektet vart mindre enn dei trudde i utgangspunktet. Derfor har dei forsøkt seg med eit skriv om at grunneigarlaget «Landsverk» bør gi frå seg meir av sine rettigheter, noko dei ikkje har fått gehør for. Dette er nok hovudgrunnen til at dei fire grunneigarane er misfornøgde med prosjektet, og kjem med negative påstandar.

Det er fem grunneigarar på Landsverk og 17 grunneigarar i Vik som meinte at Småkraft as har laga ein god felles plan for prosjektet, som kjem mange grunneigarar til nytte. Brudevoll kjem sjølv sagt til å få sin rettmessige del av overskottet.

Sidan Brudevoll får det til å framstå som dei eig 50 % av Kvisla (fra kote 555) og grøfta fram til Bruelva, viser vi til dei faktiske tall utarbeidd av Dekar (kopi frå Dekar sin rapport).

Kvisla:

"Gnr. 88 har andel i sameiet mellom gnr. 83, 84 og 88 etter skyld. Dette sameiet har halve fallrettigheten på sørøstsida av vassdraget Kvisla, fra punktet hvor vassdraget overføres til Bruelva og ned til ca kote 508. Den andre halvparten av fallretten på strekningen tilligger gnr. 88 og skal fordeles mellom de sameieberttiggede etter skyld. Fra ca kote 508 og ned til ca kote 424 eies fallrettigheten i sin helhet av de sameieberttiggede brukene under gnr. 88. Fra ca kote 425 og ned til ca kote 225 grenser gnr. 88 til vassdraget på vestsida og har følgelig 50 % av fallretten på strekningen."

Grøfta i sameige eig Vik og Landsverk 81,33 % :

"Gnr Gammel Skyld Andel i %

Brudevoll : 83 2 vog – 0 pund – 36 merker 3 vog – 12 merker 3,50 vog 18,67 %

Landsverk : 84 1 vog – 4 pund – 30 merker 3 vog – 14 merker 3,58 vog 19,09 %

Vik: 88 1 vog – 20 pund – 96 merker 11 vog – 16 merker 11,67 vog 62,24 %

Totalt 4 vog – 24 pund – 162 merker 18 vog – 18 merker 18,75 vog 100% "

Til punkt 1: Tap av fossefall som viktige naturverdiar.

Vi meiner prosjektet er positivt, då denne utbygginga kan bidra med midlar til mange gardsbruk i dette området, som vil vere positivt for å halde gardsbruka i hevd. Når det gjeld turisme, er det også med ein som driv med turisme i denne søknaden, som også er positiv til prosjektet. Turistane vel heller fjord fiske i dette område. Det er derfor ingen ting som tyder på at det skal ha nokon innverknad på turistane som kjem til bygda. Det er også ei utbygging for over 50 millionar, som kan komme bygda og område til gode.

Vi meiner derfor dette er eit prosjekt som er positivt samla sett for busetnaden i området.

Til punkt 2: Landbruks-natur – og friluftsliv.

Vi meiner at ei opa grøft i dette område som vi eig ein vesentlege del av, vil vere positivt for både folk og dyr. Vi trur ikkje det vil frata nokon å ha glede av å gå i dette området. Område vert opp tørka, då her er eit veldig vått område, som vert mykje betre å gå i både for folk og dyr. Det vert også mykje betre forhold for at dyra kan nytte område til beite. Vi kan heller ikkje vere einig i at ei slik grøft vil verte synleg frå lange avstandar i Syvdefjorden.

Til punkt 3: Landbruk.

Vatn-forsyning.

Dette har våre teke opp med Brudevoll tidligare, då dei har våre innkalla på dei møta vi har hatt angående denne utbygginga, og både Småkraft as og vi har forsikra Brudevoll om at vi vil ta på oss alle kostnader med at desse gardane får sikker vatn forsyning. Det er vi sjølv sagt forplikta til.

Beiteområde for dyr.

Vi vil sjølv sagt finne løysningar for at folk og dyr kjem seg over grøfta, då vi eig 81,33 % av sameige.

Det er også i vår interesse som eig det vesentlege av sameige der grøfta kjem til å ligge.

Flaum

Vi kan ikkje sjå at dette er eit problem, slik som terrenget er i dette område. Grøfta vert også laga med lite fall, som gjer at vatnet ikkje har stor fart. Slike grøfter er det mange av rundt om kring i forhold til dyrking av mark, og opp tørking av beitemark. Dette er derfor ikkje noko ny problemstilling. Det er derfor betre å gjere no saman med kraft utbygginga, eller at ein seinare må grøfte område, utan vatnet kjem til nytte.

I forhold til Brudevoll si oppsummering synes vi det er trist at dei vil halde deler av prosjektet utan for, då dette er einaste måten å utnytte Kvisla og å få til eit betre område både for folk og dyr fram til Bruelva. Vi håper derfor vass resursane i Kvisla og Sameige kan komme alle til nytte, særleg då dette prosjektet som kjem mange grunneigarar til gode, totalt 26 i Syvde, ei bygd som er trua av utflytting.

Oppsummering:

Det er tydeleg at det er andre grunner enn det miljø messige som ligger bak dette innspelet mot utbygginga frå Brudevoll, særleg når ein les brevet som ligg ved frå Brudevoll datert 13.08.2010 til Småkraft as. Vi meiner derfor at denne utbygginga er eit positivt bidrag også for Brudevoll fire grunneigarar på gardsnr. 83, og at dei må legge gamle konflikta bak seg, og sjå framover.

Sjølv om Brudevoll synes å meine at dei har meir retter enn vi andre, vil vi sjølv sagt også bidra med at denne utbygginga vert gjort til det beste for alle partar, også Brudevoll. Vik gardsnr.88 har også våre svært fornøgdde med at Landsverk og Småkraft A/S har våre så positive til å få til ei felles løysing, då Kvisla ikkje let seg gjere å bygge ut økonomisk til vasskraft som eige prosjekt.

Håper derfor Vanylven kommune kjem med positive anbefalingar av prosjektet til NVE.

Med vennlig helsing

for Landsverk ^{gards}bruksnr. 84, 5 grunneigarar.

Oddmund Landsverk

for Vik ^{gards}bruksnr. 88, 16 grunneigarar.

Svein Tveit

Tennelva Kraftverk – Utgreiing av borhol og flytting av kraftstasjon

Utarbeida av: J. A. Melheim	Kontroll / fagansvarleg:	Dato:23.05.2013 <i>Rev.:0</i>
Bystøl AS	Tlf: 57 69 85 80 Fax: 57 69 85 81	e-post: post@bystol.no web.: www.bystol.no

1. Bakgrunn

I konsesjonssøknaden til Tenneelva Kraftverk sendt i revidert versjon 16.01.2013, NVE Ref:200904547-12 vart bruk av borhol i øvste del av røyrgata skissert som alternativ utbygging. I løpet av våren 2013 har Tenneelva Fallretteigarlag hatt samtalar med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/Knut Festø og rådgjevar Terje Engvik i Bondelaget. I samtalanane har det kome fram at naturinngrepa og miljøbelastninga ved tiltaket kan reduserast ved å føre vatnet i eit borhol i øvste del av røyrgata. Dette reduserer dei landskapsmessige inngrepa i Norddalen vesentleg. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har også argumentert for å flytte kraftstasjonen slik at mindre av det spesielle kulturbeite med typisk geitepreg vert råka. Tenneelva Fallretteigarlag har difor funne ei alternativ kraftstasjonsplassering på andre side av Tenneelva, sør for snuplass ved brua over til Gardgarden, sjå bilete i Figur 5 og 6. Revidert situasjonsplan 1:5000 er lagd ved.

Tenneelva Fallretteigarlag skisserte si alternative utbygging i e-post til sakshandsamar Dag Kjellebold i NVE i e-post datert 14.05.2013. I e-post datert 15.05.2013 skriv Kjellebold at dette ser ut som eit fornuftig alternativ og at kart og meir utfyllande tekst krevs for den alternative løysinga.

2. Oppsummering av endringar

I høve til omsøkt tiltak er følgjande endringar lagt føre:

- Borhol, lengde ca 400 meter erstattar røyr over bakken frå inntak til kote 320 moh
- Ny veg (ca 100 m) frå fjellvegen til påslag/riggområde for borhol.
- Røyrgata vert lagd på sørsida av Tenneelva og kryssar Holelva med nedgravd røyr.
- Kraftstasjon vert plassert på kote 128 moh sør for snuplass ved bru over til Gardgarden.
- Veg til kraftstasjon vert ikkje naudsynt og jordkabel for høgspent vert kortare.
- Ein ynskjer veg til inntak for seinare drift og vedlikehald av kraftverket.

Endringane er teikna inn på vedlagt situasjonsplan.

3. Konsekvensar av endringar

Borhol

Borhol (Ø800) fora med DN700 stålørør (evt Ø700 for med DN600 stålørør) vert lagt frå kote 320 til inntak kote 535. Lengde ca 400 meter. Lengde nedgravd røyr vert ca 650 meter. Bruk av borhol gjer at landskapsmessige inngrep høgt i lia vert redusert ved at røyrgata ikkje vert synleg og at det permanente arealbehovet vert mindre.

Boremaskina kan kome seg fram i terreng utan god veg, men det vil alltid teneleg med god tilkomst til anleggsområdet ved borhol. Skisse av oppstilling og bilete av oppstillinga ved

Tenneelva Kraftverk

Borhol og alternativ kraftstasjonsplassering

Eitro Kraftverk er vist i Figur 1 og Figur 2 under. Det er vurdert at veg til riggområdet for borhol vert kortast ved å flytte røyr gata til sørsida av Tenneelva slik at eksisterande vegar kan nyttast i størst mogeleg grad. Området på sørsida av elva er også betre eigna til riggoppstilling og har fleire hamrar for påslag. Riggområdet for borhol med masseutskillingsbasseng er om lag 2 daa og vil verte tilbakeført etter at anleggsarbeidet er ferdig. Areabehov til røyr gata (midlertidig og permanent) vert vesentleg redusert.

Borhol vil auke utbyggingskostnadane med 2-3 mill. kr, men utbygginga vil framleis vere lønnsam.

Ny veg til riggområdet for borhol

Ny veg til riggområdet for borhol, ca 100 meter, vil ta av frå skarp sving i eksisterande veg. Dette området er per i dag bratt utmark. Vegen er midlertidig og terrenget vil bli tilbakeført etter anleggsperioden. Midlertidig arealbehov er ca 0,25 daa.

Flytting av røyr gata til sørsida av Tenneelva.

Som følge av både bruk av borhol og flytting av kraftstasjon er det føremålsteneleg å flytte den nedgravde delen av røyr gata til sørsida av Tenneelva. Etter våre vurderingar er lia homogen med tanke på naturmiljø. Verdiar som raudlista artar, terrestrisk og akvatisk miljø er ikkje knytt til spesielle lokalitetar, jfr konsesjonssøknad og rapport om biologisk mangfald. Flytting av røyr gata vil heller ikkje ha konsekvensar for INON-området, landskapsmiljø, kulturminne og kulturmiljø eller påverka brukarinteressene so langt vi kan sjå. Ein positiv konsekvens er at beiteområdet på nordsida av Tenneelva med typisk «geitebeitepreg» ikkje vert råka. På sørsida av elva vert 1 daa dyrkamark råka i anleggsperioden. I driftsfase kan dyrka mark nyttast som før utbygginga.

Holselva vert kryssa med nedgravd røyr, ca på kote 145 og elvesidene og elvebotnen vert plastra for å sikre røyr gata.

Flytting av kraftstasjon

Omsøkt kraftstasjonsplassering råkar etter Naturvernforbundet i Møre og Romsdal si meining unødvendig store delar av det spesielle beitemarka i Norddalen. Tenneelva Fallrettseigarlag har funne ei alternativ plassering sør for snuplassen ved brua over til Gardgarden. Vatnet frå kraftverket er planlagt ført ut i Bruelva oppstraums Sætrevadskloppa. Sjå Figur 3 og Situasjonsplan for plassering.

På tomte til kraftstasjon står det i dag ein gamal garasje som kan rivast. Arealet er innmark som ikkje har vore nytta på 15 år og som er i ferd med å gro att, sjå bilete i Figur 5 og 6. Ved flytting av kraftstasjon vert senter turbin om lag på kote 128 og fallhøgda aukar til omlag 407 meter (brutto). Dette kan auke produksjonen med 0,15GWh per år. Flytting av kraftstasjon eliminerer behovet for veg til stasjonen og avstanden til 22kV linja vert kortare. Flytting av kraftstasjon vil difor reduserere arealbehovet og råke mindre beitemark i høve til omsøkt plassering. Når det gjeld kapasiteten til Sætrevadskloppa, er slukevna til omsøkt tiltak ($0,97\text{m}^3/\text{s}$) lita/neglisjerbar i høve til flaumvassføringa i Bruelva


Tenneelva Kraftverk

Borhol og alternativ kraftstasjonsplassering

Det er ikkje registrert spesielle kulturminner, kulturmiljø eller naturverdiar ved ny stasjonsplassering. I høve til omsøkt stasjonsplassering, vil flyttinga ha negative konsekvensar for vassmose og ferskvassfisk i området mellom omsøkt utløp og samløpet mellom Bruelva og Tenneelva. Dette utgjer omlag 120 meter av Tenneelva. Vi reknar med at dette er vurdert av Naturvernforbundet til å vere mindre viktig enn beitemarka på nordsida av Tenneelva.

Utforminga av kraftstasjonen vert tilpassa terreng og tilkomstforhold. Fysiske mål, arealbruk etc vert som i omsøkt tiltak, avsnitt 2.2.6 i konsesjonssøknaden.


4. Skisser og bilete



Figur 1. Bilete av riggområdet for bolhol, Eitro Kraftverk.

Tennelva Kraftverk

Borhol og alternativ kraftstasjonsplassering



Figur 2. Oppstilling riggområde og basseng for massutskilling for borhol. Eitro Kraftverk.




Figur 3. Flybilde av Gardgarden med omsøkt kraftstasjonsplassering (gul ring) og ny kraftstasjonsplassering (raud ring).

Tennelva Kraftverk

Borhol og alternativ kraftstasjonsplassing




Figur 4. Omsøkt (gul) og ny rørygate (raud). Raud stipla er borhol.



Figur 5. Ny stasjonstomt sett frå sør (oppstraums). Tomta vil ha god tilkomst frå fleire sider.

Tennelva Kraftverk


Borhol og alternativ kraftstasjonsplassering



Figur 6. Ny stasjonstomt sett fra Sætrevadkloppa. Vatnet er tenkt ført ut i Bruelva oppstraums brua.

5. Vedlegg

- Revidert Situasjonsplan (21.05.2013) 1:5000



Rev.	Anl.	Revisjonen gjeld	Dat.	Sign.
TENNEELVA KRAFTVERK			Dat. 23.05.2017	
SIT-ANSJØNISFLUM			Takst. MOH	
			Skilt. M	
			Prosjekt. 818	
			AG	Formal
			1-5030	AG
			Strat. 0088	Tekst. H.
Bystal AS Telefon: 02 97 00 80 Telefax: 02 97 00 81 E-post: post@bystal.no www.bystal.no			Avening Vard Revolutass. Trb. 192 Telefon: 02 91 18 25 Telefax: 02 91 20 05 E-post: vass@bystal.no	Rev.